



GOSPEL: Koret skapa magisk stemning i amfiet fredag kveld, saman med Jan Erik Larssen.
ALLE FOTO: KJERSTIN MÆLAND

Bømlo Gospel og Jan Erik Larssen laga nydeleg stemning i Amfiet

Det var nærmast stappfullt i amfiet fredag kveld då Jan Erik Larssen hadde Talkshowet «På grensa til lovsong» med Bømlo Gospel.

► **Kjerstin Mæland**
kjerstin@bomlo-nytt.no

Bømlo Gospel opna showet med nydeleg song før programleiar Jan Erik Larssen tok over.

Jan Erik Larssen er kjent frå blant anna Broom og Autofil. Han har tidlegare også vore med i Oslo Gospel Choir og har tidlegare jobba med Bømlo Gospel.

– Øystein Lund Olafsen kontakta meg for over eit år sidan med spørsmål om eg ville vera

med å leia dette, og det kunne eg jo ikkje anna enn å takke ja til, seier Larssen til avisa før framsyninga.

– Bømlo Gospel er eit råbra kor, og det er så kjekt å jobbe med Olafsen og koret. Så dette har eg gleda meg til lenge. Bømlo Gospel er jo så utruleg flinke, spesielt med tanke på kor mange dei er, seier Larssen.

Larssen hadde fleire gjester med seg oppe på scena, blant andre Astrid Johanne Holm og Ellen Vold.

Astrid Johanne Holm fortalte om korleis ho har Jesus med seg i jobben som politibetjent der ho handterer vold i nære relasjonar, og Ellen Vold fortalte ei sterk historie om korleis ho fann tilbake til Jesus.

Inn i mellom dei ulike gjestene song gospelkoret nydelegg, og Larssen hadde vittige kommentarar og observasjonar undervegs.



FLINKE: Jan Erik Larssen skryt over Bømlo Gospel.

Også presten Thor Haavik, kjent frå Farmen, var til stades og fortalte om Kristenretten.

Bømlo Gospel, saman med Larssen og Astrid Johanne Holm, avslutta showet med ein mashup av songar frå toppen av Gospel-lista.



PREST: Thor Haavik er prest og blei for alvor kjent gjennom si deltaking på TV2-programmet Farmen.



GJEST: Her er ein av gjestene, Astrid Johanne Holm.

Møtte på vikingane i vikinglandsbyen

Madelen (9), Anna (9) og Nora (6) fekk besøka vikingane som har slått seg ned i Torasletto.

► **Pål Solli Paulsen**
pal@bomlo-nytt.no

I samarbeid med Moster skule blir det rigga til stor vikinglandsby like ved Moster gamle kyrkje.

Her vil både store og små vikingar bu og leve, det vil bli sett opp teltleirar og salsboder, og demonstrasjon av ulike handverksteknikkar.

Fredag kveld tok vikingen Halvor godt imot dei unge og nysgjerrige jentene Madelen Vikse (9), Anna Totland Røyrvik (9) og Nora Totland Røyrvik (6) i Vikinglandsbyen, der vikingar har slått seg ned i Torasletto.

Nora er ein av dei som har gledd seg lenge til å møta vikingane.

Korleis er det å få møta vikingane?

– Det er kjekt, seier Nora.

Ho er i likheit med dei andre jentene godt opptekne av arbeidet dei har blitt sett i sving med, og blir veileda av



KJEKT: Nora Totland Røyrvik (6) held på med å slå ned namnet hennar på planken. Vikingen Halvor hjelper til.

hjelpsomme vikingar rundt bordet.

Her fekk jentene introduksjon til ein handverksteknikk og prøvde seg på å slå ned namna sine i runebokstaver i ein planke.

Til slutt kunne Nora stolt visa fram sitt norrøne namn på planken.

– Det var litt vanskeleg å treffa, men det blei bra, seier ho.

I vikinglandsbyen skjer det aktivitetar for heile familien gjennom helga. Hærkamp med Olavs menn vil skje på ulike tidspunkt. Det blir også formidling av mellomaldermusikk for barn.



RESULTATET: Slik blir Nora stava i runeskrift.



SLÅTT SEG NED: Vikingane har slått seg ned i Torasletto ved gamlekirkja.



KJEKT: Anna Totland Røyrvik (9) og Madelen Vikse (9) synest også det var stas å koma på besøk til Vikinglandsbyen.



HANDTVERK: Vikingen Halvor introduserte jentene til handverksteknikkar og viste tavla over runebokstaver. ALL FOTO: PÅL SOLLI PAULSEN